

Vekeplan for 7. trinn



Veke 36

	Måndag 1.setptember	Tysdag 2.september	Onsdag 3.setptember	Torsdag 4.september	Fredag 5.september
08.15-09.45	A: Norsk B: Norsk C: Norsk	A: Norsk/KRØ B: Norsk/matte C: Norsk	A: Norsk/engelsk B: Norsk/engelsk C: Norsk/matte	A: K&H B: K&H C: K&H	A: Norsk B: Norsk/KRLE C: Norsk/matte
10.00-11.15	A: Matte B: Matte C: Engelsk	A: Naturfag B: Engelsk C: Matte	A: Matte B: Norsk C: Engelsk	A: Norsk B: Matte C: KRØ	A: Engelsk B: Norsk C: Musikk
11.45-12.45	A: Naturfag/Studie B: Samfunn/Studie C: Samfunn	A: Matte B: Naturfag C: Naturfag	A: Samfunn B: Samfunn C: Samfunn	A: FYSAK B: FYSAK C: FYSAK	A: KRLE B: Musikk C: Norsk
12.55-13.55	A: Samfunn B: Naturfag C: Studie og KRLE		A: KRLE B: KRLE C: KRLE	A: Musikk B: KRØ C: Naturfag	

Heimearbeid veke 36

Til tysdag	Matte: Jobb 20 minutt på multi smartøving. Samfunnsfag: Du skal intervju ein valfri person heime om stortingsvalet. Lag tre spørsmål. Hugs å ta med oppfølgingsspørsmål. Reinskriv intervjuet og legg inn i Showbie. Sosialt: Gjer noko fint for nokon heime. Det kan vera å ta ut av oppvaskmaskinen, handla på Kiwi eller rydda i stova. Ta eit bilete som visar kva du gjer og skriv 2-3 setningar i BookCreator om det.
Til onsdag	7B Engelsk: Gå inn på lenka og sjå videoen om Stortingsvalget 2025. https://www.elevkanalen.no/fag/990/produkt/1682/del/11704/artikkel/141999?t=sjekk Sjå videoen fyrst og gå deretter inn på E-books. Velg anten den korte eller lange teksten og les høgt for ein vaksen. Skriv 5 fakta frå teksten, hugs å skriva heile setningar. Legg setningane inn i Showbie. Øv på dei uregelrette verba; cut, put og shut. Sjå Showbie, engelsk og lekser. Leseforståing: Vel <i>ein</i> av tekstane som ligg på Showbie – Leseforståing Veke 36. Den eine teksten har meir tekst og vanskelegare spørsmål enn den andre. Svar på dei 4 fyrste spørsmåla <u>med heile setningar og vel èi av oppgåvene i siste ramme.</u>
Til torsdag	Matte: Vel 4 av oppgåvene på side 38-39. Skriv i skriveboka. Norsk: Lag ein enkét (5 på gata) i BookCreator slik du har lært på skulen. Spør 5 personar heime, anten venner eller familie om noko du tykkjer er interessant. Hugs bilete og fint oppsett.
Til fredag	7A og 7C Engelsk: Gå inn på lenka og sjå videoen om Stortingsvalget 2025. https://www.elevkanalen.no/fag/990/produkt/1682/del/11704/artikkel/141999?t= Sjå videoen fyrst og gå deretter inn på E-books. Velg anten den korte eller lange versjonen og les høgt for ein vaksen. Skriv 5 fakta frå teksten, hugs å skriva heile setningar. Legg setningane inn i Showbie. Øv på dei uregelrette verba; cut, put og shut. Sjå Showbie, engelsk og lekser. Fredag spesial: Få ein heime (foreldre, besteforeldre, sysken eller liknande) til å fortelje om det raraste han eller ho har opplevd i livet, og skriv det ned i norskboka slik at du kan attfortelja til klassen.

Vekas ord

Demokrati
Stortingsvalg
Valgvake
Dialog

Til heimen:

- Denne veka byrjar me med **studiehalvtime** på 7. trinn. Her får elevane moglegheit til å gjera lekser på skulen i ein halvtime. Dette for å nærme oss litt slik dei gjer det på ungdomsskulen. Elevane får derfor litt meir lekse enn dei er vane med, men dei kan altså gjer mykje av det på skulen dersom dei er effektive. Lurt å spør etter kor mykje eleven fekk gjort på skulen av lekse.
- Ta med til K&H:** I K&H desse vekene skal elevane laga eit hus i papp, etter å ha designa det på papir. Dei skal innreda med lampar, badekar, vasar og liknande. Til dette skal dei bruka småting som korkar, lokk, beger etc. Me har noko liggjande på skulen, men fint om elevane kan ta med noko heimefrå etter at dei har vaska det.
- Me kjem til å ha «**Vekas ord**» frå tid til annan på vekeplanen. Det er *nøkkelord* som er viktige for forståinga av det me skal læra den aktuelle veka. Me kjem til å diskutera betydninga av orda på skulen, men det er også noko de kan snakka om og diskutera heime.